

The 15th Nomadikon Meeting:

Enduring Resonances – a Symposium in Memory of Øyvind Vågnes

University of Bergen

March 18-20, 2026

We invite papers and talks honoring and celebrating the life and work of Øyvind Vågnes. Øyvind, who passed away in January, was the friendliest and kindest of men, universally liked, equally brilliant as scholar, novelist, critic and editor, an inveterate aesthete, a true intellectual, and a beloved family man, friend and colleague with boundless enthusiasm, imagination, and empathy.

When asked what distinguishes an exceptional album from a merely good one, Øyvind the music critic told his editor that the sound and the mood of the record had to linger in the room long after it finished playing. Taking that as our inspiration, we would like to pose some difficult yet important questions: what is it that endures beyond the individual life? What legacies – whether scholarly, critical, aesthetic, social, emotional, or ethical – outlast us? What qualities of a person or a life persist? How can we find words or images with which to express whatever it is that remains of an intellectual legacy? What might be transmitted, and what is intransmissible? How can profound loss and bereavement over time lead to new insights, new knowledge?

The problem of what is remembered – what remains of a life or of a time – looms large in what became Øyvind's final novel, *Ei Verd Utan Hestar* (*A World Without Horses*, 2022). A multilayered narrative about family, history, and memory, the book presaged a set of themes that would become urgent for some of us in the time after. About twenty years ago, looking back on his long career, Øyvind's thesis advisor Orm Øverland stated that "[t]he identity and personality of the scholar are his or her most important tools. We are inevitably in our work as our work is in us."¹ This was certainly true in Øyvind's case. But, we would like to add, the work of others – in particular, perhaps, that of those with whom we have nurtured a friendship and an intellectual life – also continues to reverberate in us, even if we are not always aware of it.

In addition to the questions raised above, then, we also want to open this symposium up for presentations that engage both with a) recurring topics and orientations in Øyvind's own work, and with b) the kind of personal ethics that defined his way of being in the world. Øyvind was deeply caring, compassionate, and conscientious in everything he did, and his way of treating others sets an example for us all. In the months after his death people have repeatedly foregrounded how attentive he was toward others, his ability to listen, his perceptive reading of other people's manuscripts, how much he cared for his students, and how the feedback offered never failed to be constructive and friendly. What we could think of as his ethical practice resonates as much as his writings.

For this symposium, we welcome all kinds of contributions—written papers, improvised talks, personal reminiscence, tributes, poetry, stories and anecdotes—that address Øyvind's work as a scholar, novelist, critic, and editor. Talks may be in English or Norwegian. We will also consider a future publication based on the symposium.

¹ Orm Øverland, "Studying Myself in the United States – Studying the United States in Myself," *American Studies in Scandinavia*, 37. 2 (2005): 23.

The 15th Nomadikon Meeting:

Gjenklngen – eit Symposium til Minne om Øyvind Vågnes

Universitetet i Bergen

18-20. mars, 2026

Me ønsker å komme saman for å heidle livet og arbeidet til Øyvind Vågnes, og inviterer med dette til eit symposium ved Universitetet i Bergen i mars 2026. Om du vil halde innlegg eller paper så send oss tittel og nokre linjer innan 15. november.

Som de veit gjekk Øyvind bort i januar i år, berre 52 år gammal. Han var ein usedvanleg godt likt og avhalden person, og han etterlet seg store og vesentlege bidrag både som forfattar, forskar, kritikar, og redaktør.

Dette symposiet tar utgangspunkt i Øyvind sin eigen arbeidsmetode for vurdering av estetisk kvalitet. Det som skil dei beste albuma frå dei ganske gode, meinte han, var om klangen av, og stemninga i musikken hang igjen i rommet lenge etterpå. Med det som inspirasjon vil me stille nokre vanskelege men viktige spørsmål: kva er det som varer ved etter at nokon er borte? Kva slags arv er det den skrivande etterlet seg? Lar denne seg i det heile vidareformidle, og i kva form? Kva slags etiske forpliktingar følgjer med ivartakinga av andre sitt arbeide? Korleis kan tap og sorg med tida gi oss nye innsikter? Kva som står igjen av eit liv eller ei tid, korleis ting vert hugsa – dette er og spørsmål Øyvind sjølv utforska i sin siste roman, *Ei Verd Utan Hestar* (Tiden, 2022), ei ambisiøs forteljing om familieband, historie, minne, språk, og framtid.

Ved sida av spørsmåla nemt over vil me også opne opp for presentasjonar om a) sentrale interessefelt i Øyvind sine arbeide, eller om b) den personlege etikken som definerte veremåten hans. Øyvind var venleg, omsorgsfull, lyttande, interessert, og grundig i alt han gjorde, og måten han behandla andre på er eit eksempel til etterfølging for oss alle. Det etiske mennesket han var skin like sterkt som dei faglege bidraga. Samstundes heng desse dimensjonane saman. Øyvind sin rettleiar Orm Øverland skreiv ein gong følgjande: “identiteten og personlegdomen til forskaren er deira viktigaste verkty. Me er på uunngåeleg vis i arbeidet vårt, som det er i oss.”² Dette gjaldt i høgste grad i Øyvind sitt tilfelle. Men, lyt me tilføye, arbeidet til dei ein har delt eit intellektuelt liv og venskap med lever og vidare i oss. Personen er kanskje borte, men me høyrer framleis etterklngen av nærvære deira.

Bidraga til dette symposiet kan ha ulike format og former – papers, muntlege føredrag, improv, personlege forteljingar, minner, anekdotar, eller litterære innslag. Språkformene er norsk eller engelsk. Det kan bli aktuelt med ein publikasjon basert på symposiet.

² Orm Øverland, “Studying Myself in the United States – Studying the United States in Myself,” *American Studies in Scandinavia*, 37. 2 (2005): 23.